



Forslag til plan for arbeidet i 2024



Aktivitetar og arrangement:

- Søndagskafear etter oppsett plan. Program ved høve.
- Felles dugnad på laurdagar: Botnane 4.mai og Årebrot 1.juni
- 17.mai-feiring på Årebrot
- Strandryddeaksjon i mai/juni. Datoar?
- Jonsokfeiring – laurdag 22. eller søndag 23.6. ?
- Bygdehelg med sommarbasar: 12.- 14.juli med fotturar, fiskekonkurrans, konkurrans på sendebrett, gudsteneste, basar mm
- Arrangere kurs i turmuring 12.-14.september, om stor nok interesse.
- Haustfest på Årebrot grendahus laurdag 19.oktober. Kåring av det største lokale graskaret v/familien Uren m.fl.
- Hjortefest i Botnane 16.november ved hjortejegarane
- Julemesse på Årebrot laurdag 23.november
- Romjulskafe/juletreffest 3.dag jul – 27.desember



Husa våre

- Måle ferdig grendahuset i Botnane, tette takrenne framme og reparere mønekam.
- Gjere ferdig skulestova i Botnane med lister mm
- Lage til ein finare port v/Botnane grendahus.
- Halde fram med å skifte kledning på grendahuset på Årebrot.
- Reparere etter vasslekkasje Årebrot grendahus.
- Supplere med 6-7 nye bord og stolar i Årebrot grendahus.
- Rydde garasjen/lageret i Årebrot grendahus.
- Rydde og plante i uteområdet ved Årebrot grendahus.
- Lage ein oversikt på behovet for vedlikehald og reparasjonar på dei to grendahusa.
- Få sett i stand kaihuset på Villevika.
- Oppgradering av det elektriske anlegget i Årebrot grendahus.

Andre tiltak

Nærmiljøanlegg

- Starte å planlegge eit mindre nærmiljøanlegg ved grendahusa i Botnane og på Årebrot, t.d. ei hinderløype, klatreområde eller anna, og søkje om midlar til gjennomføringa.

Turstiane.

- Få lagt alle stiane inn på ulike digitale kart og plattformer på nett.
- Merke fleire korte nærturar.
- Arrangere stolpejakt om vi får støtte/ lokal sponsor.
- Samarbeide med turlaga i Florø og i Bremanger.

Gatelys og busstur i Sørbotten

- Arbeide vidare med å få bygd busstur og sett opp lyspunkt langs vegen i Sørbotten i regi av fylkeskommunen. Grendalaget kan gå inn med midlar og søkje ulike instansar om støtte.

Gjestebrygger

- Arbeide med å få til gjestebrygge både på Årebrot og i Botnane.

Krigsminne

- Få opp skilt og merke sti fram til krigsminna i Breivika og i Nøre Dalen. Samarbeide med Flora historielag. Ferdig mars 2025.
- Lage ein plan for ein stoppeplass i Breivika for dei som ynskjer å vitje Roska.

Viktige saker

Frøysjøvegen – fylkesveg 577:

- Arbeide vidare med å få godt nok vedlikehald av vegen mellom Myklebustkrysset og Villevika (Frøysjøvegen – Fylkesveg 577).
- Arbeide for å få utbetra farleg sving på Myklebust og autovern inst i Vindspollen.
- Arbeide for å få redusert fartsgrense gjennom Botnane.
- Arbeide for å få skilt i Myklebustkrysset som viser til Villevika.

Båtruter

- Arbeide med å få stjernestopp for Kystvegekspressen på veg nordover – og for ruta som går frå Florø til Smørhamn (Sylvarnes) om morgonen.